

Føresegner 159/1

Skinnarland

FØRESEGNER

§ 1

Desse føresegnene gjeld for det området som er vist med reguleringsgrense på plankartet.

§ 2

Området er regulert til fylgjande føremål:

Byggeområde
Landbruksområde
Offentlege trafikkområde
Fareområde
Spesialområde
Fellesområde

§ 3 BYGGEOMRÅDE - FRITIDBUSTADER

- a) Hytter skal plasserast som vist i plankartet og i samsvar med innmålt pel i terrenget. Pelen skal ligge innom hytteveggane. Mindre justering av hytteplasseringa kan gjerast av Vinje kommune.
- b) For frittliggande hytte skal bebyggd areal BYA ikkje vera større enn 100 m². Bygget skal ha saltak med gesimshøgde på maksimalt 3 meter og største mønehøgde på 6 meter målt frå topp grunnmur.
- c) På kvar tomt skal det berre oppførast ei hytteeining.
- d) På kvar hyttetomt kan det oppførast uthus/bod på inntil 10 m² knytt til hovudbusetnaden slik at bygga dannar eit tun. Uthuset skal byggast med saltak, største gesimshøgde på 2.5 meter og mønehøgde på maksimalt 5 meter målt frå topp grunnmur. Bygget skal førast opp utan isolasjon og innvendes kledding og med vindauge i avgrensa omfang.
- e) Bygg skal best mogeleg underleggast naturpreget i området og ha ei enkel og god utforming. Utvendes skal det nyttast trematerialar, ståande kledding og naturvenlege fargar.
- f) Bygg kan berre oppførast i ein etasje. Høgda på grunnmuren skal ikkje overstige 80 cm.
- g) Taket skal utførast som saltak med takvinkel på 22 - 30 grader. Taktekking skal vera torv eller mørke bord.
- h) Eksisterande vegetasjon og terreng skal i størst mogeleg grad takast vare på.
- i) Det skal ikkje setjast opp gjerde eller flaggstenger i området.
- j) der hyttene står på pillarar, må det gjerdast mellom desse på grunn av sau m.v.
- k) Båthus vert ikkje godkjend.

EKSISTERANDE HYTTER

Eksisterande hytter kan byggast på og uthus setjast opp innom rammene gjevne i § 3 og etter godkjenning av Vinje kommune.

VATN OG AVLAUP

Hytter i det regulerte området kan ha låg, middels eller høg sanitærtøknisk standard. Ved utbygging av middels eller høg sanitær standard, må det ligge føre avlaupsplan godkjent av Vinje kommune.

RENOVASJON

Hushaldsavfall vert tekje hand om av kommunen gjennom tvungen kommunal renovasjonsordning. Hytteeigarar pliktar å levere avfall etter nærare tilvising frå kommunen.

STRAUMFORSYNING

Straumforsyning i området skal leggast i jordkabel.

§ 4 LANDBRUKSOMRÅDE

Området skal nyttast til tradisjonell landbruksdrift. Bygg knytt til slik drift kan oppførast i området etter godkjenning frå Vinje kommune.

§ 5 FELLESONRÅDE

Det skal opparbeidast 2 parkeringsplassar for kvar hytte til sommar- og vinterparkering. Dette gjeld også dei gamle hyttene i feltet. Byggeløyve vert ikkje gjeve før tilstrekkeleg antal parkeringsplassar er opparbeidde. Dersom parkering skjer på annan eigedom, må det ligge føre tinglyst fråsegn om varig rett.

§ 6 SPESIALOMRÅDE

Opparbeidd privat veg skal nyttast som tilkomstveg til hytter og parkeringsplassar. Kolgrop i området med sikringsone på 5 meter er verna i samsvar med Lov om kulturminne. Frisiktsone skal haldast reine for lekamar som på nokon måte er til hinder for fri sikt. Dette gjeld og for fellesområde sett av til parkering. Område regulert til vass- og avlaupsanlegg skal nyttast til felles minireinseanlegg og etterpoleringsanlegg.

§ 7 DISPENSASJON

Planutvalet kan, når særlege grunnar talar for det, tillate mindre vesentlege unntak frå desse føresegnene innom ramma av Plan- og bygningslova.

§ 8 PRIVATRETTSLEGE AVTALER

Etter at planen med tilhøyrande føresegner er vedtekjen, kan det ikkje opprettast privatrettslege avtaler som er i strid med planen eller føresegnene.